

Denne avtala gjeld bruk av jaktlag under villreinjaktene i BV hausten 2018 og er inngått for det spesifiserte jaktlag og grunneigar.

**Namn på jegerar i jaktlaget**      **Kontrollnr. på disponibele fellingsløyver**

Avtala gjeld fylgjande  
jaktområde:

Grunneigar Jaktleiar.

Alle jegerar på jaktlaget må bringe med seg kopi av denne avtala ved jakt og vise ho fram ved kontroll. (Det er naudsynt med kommunikasjon mellom jegerane dersom avtala skal fungere).

**Viktig!!**  
**ALLE KORT SKAL VERA LEVERT TILBAKE INNAN 5 DAGAR ETTER  
JAKTSLUTT!!**

## **INFORMASJON TIL JEGERANE I**

# BRATTEFJELL-VINDEGGEN VILLREINOMRÅDE 2018

**Folderen innhold ein generell del som gjeld for heile BV, og ein spesiell del som gjeld for kvart villreinlag (jaktfelt) i dei fire kommunane Hjartdal, Seljord, Tinn og Vinje**

GENERELT

**Fellingskvote:** 400 dyr, fordelt på 30 % valgfrie, 35 % simle/ungdyr og 35 % kalv.

**Jakttid:** 20. august – 30. september. Det er søkt om å kunne utvide jakta viss fellinga er dårlig. Endeleg svar fra villreinnemnda har vi i innan 15.juli. Informasjon om det vert lagt ut på heimesida og facbook. NB! Viktig at det vert rapportert fortløpende om felling.

## Kontrollkort.

Det vert skrive ut eit kontrollkort for kvart dyr som kan fellast. Før jakta tek til skal kortutskrivar fylle ut og underskrive kortet. Er det fleire jegerar på same kortet er hovudregelen at alle jegerane skal skrive namnet sitt på kortet. Eller så kan den som har hovudansvaret for kortet, (jaktfleiar), skrive under som jeger og i tillegg skrive m/fleire. Eks. NN m/fleire. Då skal i tillegg jegerane sine namn vere ført opp på ei liste, der det går fram at det er eit etablert jaktag. Alle i jaktaget skal ha kopi av lista. Jaktaget må opptre samla slik at dei har kommunikasjon seg i mellom. Jaktaget er ansvarleg for at det ikkje vert felt fleir dyr enn dei har løyve til.

**NB! Kortet skal være utfylt og undertegna av grunneigar og av jeger/jaktleiar når jakta startar.**  
Brot på dette vil bli rapportert av oppsynet.

## Viktig info!!

## **Fredningskorridorer/jaktfri sone**

Også i år vil det i området ved Flottin og delar av Svartdalsheiane med utviding på Hjartdalssida vere jaktfri sone for samtlege jegerar! Unntaket er på fellingsløyver utdela innanfor jaktfri sone dvs. på terrenget kortet er delt ut på. For grundigare informasjon om fredningssonan sjå vedlagt kart med skriv.

## Tidsbegrensning

**Det skal være jaktfreding frå kl. 19.00-06.00**

## Kjeveinnsamling kalv

Det skal samlast inn kjevar frå kalv. Dette for å følgje vekst og utvikling i bestanden. Kjevane må gjerast reine, tørkast og kan leverast i kasser på fylgjande stader:

## Seljord: Nutheim (Einarjuvhølet)

Tuddal: Reisjåbrekka og Stuverud

Hjartdal: ved betalingsbommen i Hjartdal (Vegen til Skjessvatn-Hundemyr)

Tinn: Skinnarbu og Krokan.

For nøyaktig posisjon sjå kart på heimsida: [brattefjell-vindeggen.no](http://brattefjell-vindeggen.no).

**NB!** I kvar kasse er det lappar der de skriv på **fellingsdato, kjønn og vekt**. Fest lappen på kjeven.

## Prøvetaking i samband med CWD

Det er vedtatt at det skal takast prøver av all felt villrein 1 år og eldre for alle villreinområda i landet. Dessutan skal det takast på elg og hjort i ein del kommunar. Innsamlinga er heilt nødvendig og utruleg viktig i kartleggingsarbeidet av sjukdomen. Vedlagt følger utstyr og info. **15.august kl. 18.00 på Villreinsenteret-Skinnarbu** vert det demonstrasjon av prøvetaking. Meir info og gode filmsnuttar finn de på nettet jfr. www.hjortevilt.no/skrantesjuke.

## Rapportering og utfylling av kontrollkort

Statistikk blir ført over felte dyr undervegs i jakta. Rapportering på sms til tlf. 91365151 eller e-post: [brattefjell.vindeggen@gmail.com](mailto:brattefjell.vindeggen@gmail.com) med følgande innhold:  
Nummer på reinskortet, dato for felling og BV område. Gjerne kjønn og alder i tillegg.

Under jakta skal jeger ha med seg kontrollkortet, bevis for skyteprøva, betalt jegeravgift og våpenkort. Har du lånt gevær skal du ha skriftlig låneavtale med eigaren. Etter at eit dyr er felt skal kontrollkortet delast, og det skal skjerast hakk i kortet for dei naudsynte data. Er dyret felt i utvida jakttid skal fellingsdato skrivast på baksida av kortet. For statistikk må fellingsstad og slaktevekt skrivas på kortet.

**Kortet festas til dyret som er felt. Felt dyr skal vera merka før transport eller før jegeren forlater dyret over natta. Det er kjøttslapen som fylgjer kjøttet. Dersom kjøttet vert transportert etappevis, skal hovuddelen fylge jegaren.**

**NB! Alle kontrollkort skal leverast attende til kortutskrivar - villreinutvalget seinast 5 dagar etter jaktlutt. Husk å notere fellingstad. Det oppfordras til å vege dyra og notere dette på kortet.**

### • Våpen og ammunisjon.

Skyt alltid våpnet inn med samme ammunisjon som du brukar på jakta. Bruk bare godkjent ammunisjon til jakta. Hugs alle tryggleiksreglar for handsaming, transport og oppbevaring av våpen og ammunisjon. Legg aldri frå deg eit våpen med ammunisjon i. Hugs bevis for skyteprøve, jegeravgift og avtale dersom du lånar våpen.

### • Ettersøk skadd vilt.

Den som under jakt sårar elg, hjort, villrein eller rådyr pliktar å gjera det ein kan for å få avliva dyret snarast mogeleg. Eit kvart skot som vert løyst mot hjortevilt, skal sjåast på som treff og jeger skal føreta undersøking i området dersom dyret ikkje fell for skotet.

Det er ein kvar jeger si plikt å sørge for ei rask og effektiv avliving for at dyret skal unngå unødig lidning. Jeger og jaktag har **ETTERSØKSPLIKT OG ETTERSØKSANSVAR**.

### • Avliving av skada vilt / transport.

Avliva skada rein der ein nytta eige kontrollkort skal handsamast som vanleg felling. Vilkåret for å ta dyret på eigin kvote er at ein har fellingsløyve for denne type dyr (rett kjønn og alder), og at fellingsløyvet er gyldig på det valdet der det skada dyret er avliva. Avliva rein som ein ikkje vil / kan ta på eigin kvote skal gjerast opp slik at kjøtet ikkje tek skade. Ein skal deretter gjie melding til oppsyn/politi. Her kan ein og gjie melding til Oppsynssentralen på Skinnarbu som formidlar kontakt vidare. Telefon nr. 81532450.

Transport av avliva vilt som ikkje vert teken på kvota kan berre føregå **ETTER** at det er gjjeve melding / gjort avtale med oppsynet og / eller politiet.

### • Oppsyn.

Kontrollen av villreinjakta vert utført av SNO og lokalt politi.

Oppsynet fører kontroll med alt offentleg regelverk innan villreinområdet. Grunneigar kan sjølv føre tilsyn med privatrettslege tilhøve på sin eigedom.

Oppsynet vil og svare på spørsmål og rettleie jegerane. SNO (oppsynssentralen på Skinnarbu) har telefon

## § 37. Plikt til å la seg kontrollere (Forskrift om utøvelse av jakt og fangst av 22. mars 2002)

«Enhet som utøver jakt eller fangst etter denne forskriften, plikter å la seg kontrollere av politiet, Statens naturoppsyrr eller av lokal jakttoppssyn som er godkjent av det statlige naturoppsynet eller har begrenset politimyndighet. Kommunen og villreinnemda kan sørge for kontroll av felte dyr. Ved jakt etter villrein kan villreinnemda også sørge for kontroll med kontrollkort for villrein og eventuell skriftlig fellesjaktautvalte.»

### • Jaktmoral.

Ikkje skyt på dyr i fart. Vær sikker på at skyteavstanden ikkje er over 100 til 150 m. Det er ofte desse to faktorane som fører til skadeskyting. Vær sikker på at du skyt på rett dyr.

Dersom dyra er urolege og står tett saman skal du vurdere situasjonen svært nøyne før du skyt. Ikkje la jaktlyst styre avtrekket. Tenk heller på å utøve ei sikker og human jakt.

**HUGS! LØYST SKOT MOT VILT ER TREFF INNTIL DET MOTSETTE ER BEVIST.**

### • Jakt på andre felt

Det er samarbeid over kommunegrensene mellom villreinlaga i Hjartdal, Tinn og Vinje. **Samarbeidet går ut på at grensene er opne på mandag - torsdag etter første heile veke av jakta (Dette gjeld IKKJE for Seljord).**

Fellingstillatelsen er ellers bare gyldig i det godkjente jaktfelt den er skriven ut for.

### • Spesielt for kvart felt

#### Hjartdal villreinlag.

Samarbeid med Vinje og Tinn (sjå over). Jegarane må halde seg på eigen grunn første heile veke av jakta. Leiar for laget er Gudmund Dyrland tlf. 92851214

#### Vinje/Rauland villreinlag.

Samarbeid med Hjartdal og Tinn (sjå over)  
Leiar for laget er Egil Fundli tlf. 91172437.

#### Tinn utmarksdrag.

Samarbeid med Hjartdal og Vinje (sjå over).  
Leiar for laget er Svein Moen tlf. 95208500.

#### Seljord villreinlag.

Jaktfelta i Seljord er ikkje med i samarbeidet om opne grenser. Første 3 dagar av jakta skal det jaktas på eige område. Dette gjeld ikkje i BV2.  
Leiar av laget er Espen Dyrud tlf. 90942611.

**Kart:** Eit nytt område er godkjent som teljande areal i Hjartdal. Kartet for området vert lagt ut på heimesida. Vi jobber med på få oppdatert digitalt kart for heile BV-området og målet er å ha det klart til jakta.

Du finn meir informasjon om BV på nettet: [Brattefjell - Vindeggen.no](http://Brattefjell-Vindeggen.no) Der kan denne foldaren også lastast ned. Følg oss også på facebook.

Til slutt ber vi alle som jaktar i BV lese nøyde gjennom informasjonen og fylle ut kontrollkarta fullstendig. **Kontrollkortet skal leverast attende til leiaren av villreinlaget innan 5 dagar etter jaktlutt.** Dette gjeld og ubruka kort.

Leiar i Brattefjell – Vindeggen villrein- og utmarksutval: Espen Dyrud tlf. 909 42 611

**GOD JAKT.**

E-post: [brattefjell.vindeggen@gmail.com](mailto:brattefjell.vindeggen@gmail.com)

